

Frekhaug 05.04.22

Alver Kommune

Miljø og tilsyn

Svar på pålegg om stans i arbeid GBNR 322/111

Viser til brev motteke 21.03.22 om varsel om stans i alt søknadspliktig tiltak på eigedomen.

Det er i denne saka gjeve rammeløyve (saknr.21/4413)for riving av eksisterande bustad , grunn og terrengarbeid samt oppføring av ny bustad. Det står følgande i søknad om rammeløyve: «*Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett, samt opparbeiding av avkjørsle, intern veg og parkering. Andre tiltak som er vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette tiltaket*»

Det er i søknad om rammeløyve sendt inn ansvarsrettar både for PRO og UTF for arbeida som er omtalt i søknaden. Dei arbeida som er delvis utført på eigedomen støttar opp under dei innsendte ansvarsrettar. Innsendte teikningar i rammesøknad viser fasadar og profiler på ny einbustad. Disse er vist til i søknad som: *Andre tiltak som er vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette tiltaket*. Det er ikkje utført arbeid på eigedomen som omfattar bygging av bustad etter innsendte teikningar.

I stoppbrev frå kommunen står det blant anna at det er opptrett både uaktsamt og forsetteleg i denne saka. Eg understrekar at dette ikkje er gjort forsetteleg frå ansvarleg søker sin side. Ein har ikkje hatt til hensikt å starte arbeider utan IG. Det er etter mitt syn ikkje rett å skildre det som har skjedd på ein slik måte. At kommunen meiner me har gjort ein feil i saka, kan me i ettertid forstå. Men å påstå at alle utførte handlingar i denne saka har vært planlagde og er utført med det formål å setja i gang med ulovleg arbeid på eigedomen, synest me er å gå for langt. Me meiner at det å bruka omgrepet forsetteleg bør innebere inngåande kjennskap både til saksomfang og til personar som har utført handlingar.

Svarbrev på søknad blei først motteke 4 mnd. og 18 dagar etter søknad blei sendt til kommunen og vedtak blei skriva 26.10.22 ,5 mnd. og 20 dagar etter innsendt søknad. Eg var då av den oppfatning at arbeid som var underlagt innsendte ansvarsrettar i rammesøknad kunne starta på . Dette blei gitt informasjon om til grunnentreprenør som starta sine arbeid ein månad etter at rammeløyve var gitt. Om me hadde til hensikt å utføre arbeid som ikkje var godkjend kunne me ha starta lenge før rammeløyve var gitt. Me har heller ingenting å vinna på å starta på arbeid som ikkje har IG.

Da det blei påpeikt at IG mangla vart det sendt inn søknad om IG omgåande. Søknad om IG inneheld same ansvarsrettar og teikningar som vart gitt i rammeløyve slik at det er ikkje kome fram meir utfyllande informasjon i IG søknad enn det som allereie er gitt i rammeløyve.

Me er no i gang med å utarbeida ein endringssøknad og søknad om IG for resten av tiltaket slik som intensjonen har vore heile tida.

Eg ber uansett om at desse opplysningane vert teke omsyn til ved vurdering av om det er grunnlag for gebyr og eventuell storleik på dette.

For Frekhaug Bolig AS



Ansvarleg søker